



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Innkalling til møte i Ulstein sokneråd

Tid: 04.06.2026 kl. 19:00

Stad: Kyrjekontoret

Desse er kalla inn:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Silje Kiperberg Aksnes	Medlem
Linda Hasund	Medlem
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Gunn Marthe Veddegjerde Pieroth	Medlem
Øyvind Grimstad Hagen	Medlem
Berge Myrene	Medlem
Ingrid Redse Mjaaseth	Medlem
Mirjam Håland Igland	geistleg representant
Stian Skorgen Scheide	kommunal representant
Beate Hopland Langnes	1. vara
Monica Leine Tokheim	2. vara
Bjørn Losvik	sekretær
Ingrid Madli Sæter	sekretær

Forfall må meldast snarast.

Varamedlemar blir kontakta når dei blir kalla inn til møte

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	
F-2026/14		Møtedatoar for Ulstein sokneråd hausten 2026	
S-2026/15		Høyring: Rammer for kyrkjeleg undervisning og læring	

Godkjenningar:

Godkjenning protokoll siste møte:

Godkjenning av innkallinga:

Godkjenning av sakliste:

Meldingar:

F-027 Ønske om fleire konfirmasjonshelger i Ulstein sokn

Vedlegg:

To foreldrepar til neste års konfirmantar har kome med ynskje om å spreie konfirmasjonsgudstenestene over to helger. Argumenta handlar om familiar som har fleire søskenbarn på same årskull. Utfordringane dei peikar på handlar om familiar som må dele seg, press på selskapslokale og catering.

KUL-avdelinga har svara ut spørsmåla ved å peike på at det er eit spørsmål om tilsetteressursar (antal arbeidshelger), og om gudstenesteplan for hausten der det skal passe med mange «spesialgudstenester» på kort tid, som også skal vegast opp mot antal «vanlege» gudstenester med plass til dåp og nattverd. Etter å ha fått nytt spørsmål om same problemstilling, ynsker KUL-avdelinga å legge spørsmålet fram for soknerådet til drøfting.

Det vil uansett ikkje vere aktuelt å gjere endringar allereie for konfirmasjonane i 2027. Det kan likevel vere fornuftig å sjå på dette spørsmålet, samtidig som ein ser på heilskapen i konfirmantåret, mellom anna med utfordringar knytt til gjennomføring av konfirmantleir. Eventuelle endringar i avvikling av konfirmanthelger kan kome tidlegast i 2028 eller 2029.

F-028 Oppfølging av sak om istandsetting av mur rundt Ulstein gamle kyrkjestad.

Vedlegg: *Estimat for istandsetting av tørrsteinsmur Ulstein gamle kyrkjestad*

OBS: *Forplan restaurering mur Ulstein gamle kyrkjestad* finst som vedlegg til SR-møte 11. mars 2026.

Dokumentasjon skade mur finst som vedlegg til SR-møte 11. februar 2026.

Som oppfølging av tidlegare drøfting om den vidare prosessen knytt til skader på mur rundt Ulstein gamle kyrkjestad, har SR-leiar Odd Arne Vikebakk hatt møte med kommunedirektør Jarl Martin Møller, og sendt eit estimat over kostnader knytt til dette til kommunedirektøren. Håpet er at dette kan nyttast i arbeidet med å på plass naudsynt finansiering for oppstart av arbeidet i år.

Det er einigheit om at Odd Arne i løpet av våren tar kontakt med nokre entrepenørar for å lodde interesse og moglegheit for å levere eit anbod på denne jobben. Odd Arne følger dette opp med kommunedirektør. Målet er å kunne seie noko om kostnad i løpet av sommaren, slik at kommunedirektøren kan legge det inn i budsjettjustering i haust. Det er også aktuelt å vurdere moglegheita for å legge ned muren kontrollert mens ein jobbar med prosessen, for å ivareta sikkerheit på Ulstein gamle kyrkjestad. Tilstandsrapporten frå Sandal (*Forplan restaurering mur Ulstein gamle kyrkjestad*) er også sendt til fylkeskonservator.

F-029 Regnbogemesse i samband med Bygdepride 2027

Vedlegg: E-post frå Bygdepride v/ Annika Brandal.

Ulstein sokn har fått e-post frå Bygdepride v/ Annika Brandal med spørsmål om å gjennomføre regnbogemesse i Ulstein kyrkje i samband med Bygdepride 2027, som truleg finn stad i mai. Det er flott at spørsmålet kjem tidleg, slik at det er tid til å drøfte dette i soknerådet.

Ulstein sokn kan sjå til erfaringar frå Ørsta sokn, som har arrangert regnbogemesse fleire gonger. Dei har arrangert det på ein torsdag i staden for søndag. Ein bør også vere førebudd på eventuelle negative reaksjonar, og ha ein plan for korleis dette skal møtast.

Ulsteinvik, den 29.05.2026

Odd Arne Vikebakk	Bjørn Losvik
Leiar	Sekretær

F-SAK 2026/14 Møtedatoar soknerådet haust 2026

UTGREIING

Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd skal ha møte med jamne mellomrom for å styre kyrkjeleg verksemd og forvalte ressursane best mogleg.

Det har kome fram ønske om å variere dagar for soknerådsmøta. Det tilrådest at soknerådet tar ein diskusjon om dette i samband med å sette datoar for møte til hausten.

Soknerådslaia har ynskje om ei sosial samling for sokneråd og stab i adventstida. Dette er ei tid med mykje aktivitetar i soknet. Av omsyn til dette er det lurt å sette dato for ei slik samling tidleg, slik at det kan tilpassast øvrig aktivitet i desember for stab og sokneråd.

Forslag til møtedatoar for hausten:

Forslag 1	Forslag 2
<i>Onsdag 02. sept (bestemt)</i>	<i>02. sept (bestemt)</i>
Torsdag 15. okt	Torsdag 22. okt
Torsdag 12. nov	Torsdag 26. nov
Torsdag 03. des: Adventssamling	Torsdag 03. des: Adventssamling

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

S-SAK 2026/15 Høyring: Rammer for kyrkjeleg undervisning og læring

UTGREIING

Vedlegg: [Høring - rammeplaner for kirkelig undervisning og læring - Kirkerådet](#)

Frå nettsidene til Den norske kyrkja:

«Kirkerådet sender med dette forslag til rammeplaner og veiledende lister for kirkelig undervisning og læring i Den norske kirke, på høring.

Kirkemøtet vedtok i sak KM 06/24 Plan for kirkelig undervisning og læring – overordnet del. I vedtaket ba Kirkemøtet Kirkerådet om å forberede rammeplaner for kirkelig undervisning og læring til behandling på senere Kirkemøter. På denne bakgrunn har Kirkerådet fått utarbeidet seks rammeplaner for følgende målgrupper: 0–5 år, 6–12 år, 13–19 år, konfirmanntiden, unge voksne og voksne.

Rammeplanene konkretiserer innholdet i overordnet del og skal være retningsgivende for lokalt planarbeid. De skal bidra til felles retning, sammenheng og progresjon i kirkens arbeid med undervisnings og læring, samtidig som det legges til rette for lokale tilpasninger.

Høringen omfatter:

- felles innledning til rammeplanene
- seks rammeplaner for kirkelig undervisning og læring
- veiledende lister over bibeltekster, salmer og praksisformer

Alle er velkomne til å svare på høringen. Kirkerådet ber høringsinstansene gi innspill til rammeplanene og de veiledende listene. Høringen er strukturert etter de enkelte rammeplanene og deres hoveddeler, med tilhørende spørsmål. Til hvert avsnitt om rammeplaner, hører også veiledende lister med.»

Undervisningsutvalet (UU) ved Ingrid Redse Mjaaseth, Janne Fylsvik Rønningen, Ingrid Madli Sæter og Bjørn Losvik hadde møte 21. mai for å diskutere denne høyringa. UU konkluderte med at kateket Bjørn Losvik og kyrkjelydspedagog Ingrid Madli Sæter svarer på høyringa, sidan dei er fagfolka på kyrkjeleg undervisning og læring (KUL), etter dei innspela UU kom med i møtet 21. mai. Grunna andre aktivitetar ynskjer KUL-avdelinga å vere ferdig med dette i god tid, og vil difor sende inn høyringa i juni. Dette høyringssvaret kan også vere Ulstein sokn sitt høyringssvar. Eventuelt kan høyringssvara frå undervisningsutvalet leggst fram på SR-møtet i september, slik at SR kan vurdere om desse svara er tilstrekkeleg, eller om SR sende inn ein eigen høyringsuttale.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.



Den norske kyrkja
ULSTEIN SOKN
Kyrkjekontoret
6065 ULSTEINVIK

ISTANDSETJING TØRRSTEINSMUR ULSTEIN GAMLE KYRKJESTAD

KALKYLE/ESTIMAT SAMLA KOSTNAD PR. 26.05.2026.

Over tid har ein sett at muren som omkransar Ulstein gamle kyrkjestad har hatt behov for utbetring/istandsetjing. Ikkje minst har dette vorte tydeleg i løpet av denne vinteren/våren. Fleire stader har muren omfattande skader/utglidingar.

Det har vore gjennomført fleire møte/synfaringar for å avklare vegen vidare, der Møre og Romsdal fylke, Ulstein kommune og Ulstein sokn har vore representerte.

Forplan for restaurering av kyrkjegardsmur

Forplan er utarbeidd og ligg ved. Den gjev eit godt innblikk i status på muren, årsak til skadene og faglege råd om korleis tilbakeføre/i standsetje. Biletdokumentasjon som viser status er og lagt ved.

Kort oppsummert med bakgrunn i rapporten:

- Rundt 90 m av muren har større eller mindre skader. Mur lengd 190 m.
- Frostsprenging vert omtalt som sannsynleg årsak til utsprenging av mur, saman med ikkje telefrie masser i bakkant.
- Den skadde delen av muren må i praksis takast ned og byggast opp på nytt. Maskin- og handarbeid i kombinasjon.
- Bruke steinmassane på nytt, men pårekne tilføring av masser som tåler tele.
- Dele arbeidet opp i felt/seksjonar.
- Ikkje unaturleg å la arbeidet går over tid.
- Sidan «*enkelte parti er i særskild dårlig forfatning*», så bør/må deler av arbeidet startast opp raskast mogleg. Ikkje minst grunna ferdsel i området.
- Deler av arbeidet skjer i relativt bratt terreng som set særlege krav.
-



ULSTEIN KYRKJE
Saman på ferda

Tlf. 70 01 76 80
Sjøgata 61
Org. nr. 976997093 - Ulstein sokn
www.ulsteinkyrkje.no



Andre moment:

- Ulstein gamle kyrkjestad er inndelt i fem område med ulik vernestatus. Dei tre mest sentrale er «freda», medan områda der muren ligg er ikkje direkte verna.
- Men under ei av synfaringane vart det frå MR kulturavdelinga peika på at i muren ligg fleire synlege steinar som det er rimeleg å tru kjem frå den gamle steinkyrkja.
- Forplanen peiker på moment som bør vektleggast knytt til dokumentasjon og dei meir arkeologiske omsyna.

Oppset/kalkyle kostnad:

- Forplanen seier ikkje noko om kostnaden. Difor bygg det oppgitte estimatet på kostnader knytt til prosjektet Namna minnelund, tilpassa endra masser og etter faglege råd.

Rigg/drift	10%	Kr. 297.000.-
Prosjektering/dokumentasjon	RS	Kr. 100.000.-
Usikkerheit	15%	Kr. 445.000.-
Murarbeid	Kr. 33.000.- x 90 m	Kr. 2.970.000.-
SUM eks MVA		Kr. 3.812.000.-
+ 25 MVA		Kr. 953.000.-
SUM		Kr. 4.765.000.-

Finansiering:

- Fordelt med 2026 i kr. 1.765.000.- og kr. 3.000.000.- i 2027.
- I arbeidet med denne saka har det dukka det opp mange innspel knytt til moglege finansieringskjelder, både offentlege og dei meir private/ideelle, som t.d. stiftingar. Dette er arbeid som krev tid og som ikkje let seg talfeste pr. dato. Rådet er å legge opp til at prosessen med desse avklaringane går vidare, og dei vert knytte opp mot 2027- budsjettet.

Lokalisering og info om Ulstein gamle kyrkjestad (Kulturminnesøk.no):

<https://www.kulturminnesok.no/kart/?q=Ulstein&am-county=&lokenk=location&am-lok=&am-lokdating=&am-lokconservation=&am-enk=&am-enkdating=&am-enkconservation=&bm-county=&cp=1&bounds=62.366381286079346,5.818462371826172,62.363280950031026,5.820608139038086&zoom=18&id=238300da-4b35-11eb-9432-005056bf3d73>

Framlegg til prosess vidare:

- Lagt fram for Ulstein SR/FR i møte den 4. juni 2026.
- Politisk/adm handsaming sommar 2026.
- Utarbeiding enkelt konkurransegrunnlag.
- Utlysing.
- Oppstart del av arbeid tidleg haust 2026.

Ulsteinvik 27. mai 2026.

Odd Arne Vikebakk

- Leiar Ulstein SR/FR-



Regnbogemesse?

Fra Annika Brandal <annika.brandal@gmail.com>

Dato ti. 05.05.2026 21:43

Til Bjørn Losvik <bl669@kyrkja.no>

Hei Bjørn.

No har eg på meg hatten som styremedlem i Bygdepride. Eit engasjement eg gikk inn i fordi eg meiner det er viktig at også våre kommunar i ytre feirer /markerer kjærleik og mangfold.

For eit par år sidan var eg i kontakt med Margit om å gjere noko i, eller saman med, kyrkja her ute i samband med Bygdepride, men det blei ikkje noko av, sidan Margit reiste over dammen før ny Bygdepride gikk av stabelen.

I dag blei eg kontakta av ein innbyggjar, som nemnte at det hadde vore så fint med noko markering i kyrkjene i Ulstein og Hareid også.

Neste år er det 10 år sidan Bygdepride blei etablert. Kunne der vore muleg med regnbogemesse eller noko anna, i Ulstein (eller Hareid) skal tru?

No trur eg nok neste års veke blir same tid som årets, og dermed er det god tid å planlegge. Så eg kastar opp ballen, så kan de tenke litt på det, om det er noko som er muleg?

Ørsta har tradisjon for å ha regnbogemesse torsdagen i Bygdepride-veka, men der er andre dagar. Og det er også muleg å tenke arrangement utanom sjølve veka.

Tanken frå Bygdepride er at det er dykkar arrangement, markedsført under samla paraply.

Beste helsing

Annika